



Fylkesmannen i
Hordaland



STORD
KOMMUNE

VASSPEST

Problemlanta vasspest *Elodea canadensis* vart i mai 2018 påvist i Vikastemmo på Stord. For å unngå spreiring til andre vassdrag, må det takast ekstra omsyn!



Foto: Asle Økelsrud, Norconsult


Stor fare for spreiring!

Vasspest spreier seg lett som små stengelbitar. Plantebitar på få cm kan vere nok til å etablere ein ny bestand. Etter naturmangfaldlova er alle forplikta til å ta omsyn til naturen vår.

For å unngå spreiring av denne framande, skadelege arten må derfor:

- **Båtar, kanoar o.l. som vert brukt i Vikastemmo må ausast heilt tomme (inkl. nede i kjølen), vaskast reine for planterestar og tørkast grundig før dei eventuelt vert brukt andre stader.**
- **Utstyr, klede, tauverk og fiskereiskapar som garn, sluk o.l., må vaskast for planterestar og tørkast grundig før det vert brukt andre stader.**

Vasspest kan bli så dominerande, at planta vert til hinder for ferdsel på vatn, for fiske og bading. Problemlanta kan og redusere kvaliteten på drikkevattnet, og endra levekåra for stadeigne artar i vassdraget.



Ved at det etablerer seg trådalgar på vasspestplantene dannar det seg matter av «gørr» på vassflata som på biletet. Dette er verken bra for folk eller planter og dyr som lever i vatnet.

Foto: Asle Økelsrud, Norconsult

Framand art

Vasspest er naturleg utbreidd i Nord-Amerika, men har i løpet av dei siste hundre åra spreidd seg raskt i Europa. I Noreg vert arten klassifisert som ein *høg risiko art* på grunn av dei negative effektane den kan ha.

Biologi

Vasspest er ei undervassplante med 1-3 m lange skot og lever neddykka i vassmassane. Den kan vere rotfesta eller frittflytande. Planta spreiar seg som avrivne skotbitar, anten med vatn eller ved hjelp av menneske og fuglar. Den vert òg nytta i akvarium og kan utilsikta ha blitt sett ut ved skifte av akvarievatn. Planta er ikkje giftig. Det er ulovleg å importere og setje ut vasspest i Noreg.

Kan truga lokalt artsmangfald

Vasspest vert sett på som eit trugsmål fordi den konkurrerer med stadeigne planter om lys og næring, og lett fortregjer desse. Ofte vert vasskvaliteten òg endra. I middels til næringsrike vatn kan arten danne matter på vassflata, som òg reint fysisk kan verke inn på plante- og dyrelivet.

Meld frå om nye førekomstar!

Om planta vert registrert tidleg i etableringsfasen kan det vere håp om å få utrydda den på staden. Meld frå om nye førekomstar til Fylkesmannen på telefon 55 57 20 00 eller på internett: www.fylkesmannen.no/hordaland

For spørsmål om restriksjonar og bruk av vassdraget kan ein òg kontakte Stord kommune på telefon: 53 49 66 00.